



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
059/20	Skule- og kulturutval	12.11.2020
181/20	Formannskapet	19.11.2020
158/20	Kommunestyret	17.12.2020
028/20	Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne	16.11.2020
023/20	Ungdomsrådet	17.11.2020
221/20	Formannskapet	30.11.2020

## Strynehallen - Leigeprisar 2021

### Bakgrunn for saka:

I samband med utarbeiding av budsjett for 2021, vert det gjort framlegg om prisjustering av leigesatsane i Strynehallen.

### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

### Ikkje vedlagt sakstilfang:

KS-179/19 – Strynehallen – Leigeprisar 2020

### Saksopplysningar:

Stryn kommune tok over som eigar av Strynehallen hausten 2017. Leigeprisane vert reguelert årleg.

Frivillige lag og organisasjonar som leiger hallen har avtale om fastpris. Tilfeldig leige som t.d. Strynemessa og uteområdet i samband med Oktoberfest og Motorfest vert fakturert etter avtale, etter endt arrangement. Prisane er justert årleg.

Stryn TIL har eigen avtale om drift av kiosk som gjeld til 31.06.2021 og eigen avtale om utleige av areal til reklame, gjeldande til 31.12.2021, med årleg prisjustering. Sogn og Fjordane (Vestland) Fylkeskommune har leigeavtale med Stryn kommune gjeldande frå 01.08.2018-01.08.2028 med prisjustering annakvart år.

I 2020 har det ikkje vore fakturert leige for dei månadane Strynehallen har vore stengt.

### Leigeprisar 2020

Type leige	Lag frå Stryn kommune	Lag frå Stryn kommune	Lag utanfrå Stryn kommune	Lag utanfrå Stryn kommune	Lag utanfrå Stryn kommune
	Trening/kamp ½ hall, per time	Trening/kamp 1/1 hall, per time	Trening ½ hall, per time	Trening 1/1 hall, per time	Kampar 1/1 hall, per kamp
<b>Under 16 år</b>	210	420	420	630	790
<b>Over 16 år</b>	310	630	520	730	890
<b>Sogn og Fjordane fylkeskommune (Vestland) / Stryn vgs</b>			Avtalefesta, indeksregulert avtale gjeldande frå 01.08.2018: kr 815 000,-, justerast annakvart år.		
<b>Tonning skule</b>			Leige av sal til undervisning: kr 284 260,-		
<b>Tilfeldig leige av hallen og uteområdet</b> (messer, salsbod, uteområdet i samband med arrangement, dansegalla m.m.)			Alle arrangement med bruttobilletttinntekt/inntekt over kr 3000,- betalar 15% av bruttoinntekt som leige. Under kr 3000,- er leigepris kr 950,- per time.		
<b>Reklame</b>			Avtale gjeld frå 01.01.19-31.12.21: kr 25 000,- med årleg justering. Avtalen skal reforhandlast i 2021.		
<b>Drift av kiosk</b>			Avtale gjeld frå 01.08.18-30.06.21: kr 46 035,- med årleg justering. Avtalen skal reforhandlast i 2021.		

#### Vurdering:

Leigeprisane er viktige for drift av Strynehallen. Det vert difor gjort ei prisjustering kvart år, og i år ei justering med 3,6%.

Barn og unge får rimelegare leigepris, medan unge/vaksne over 16 år må betale noko meir. Ein har ei differansiering på leige/trening/kamp for lag frå Stryn kommune og lag utanfor kommunen.

#### Framlegg til leigeprisar 2021

Type leige	Lag frå Stryn kommune	Lag frå Stryn kommune	Lag utanfrå Stryn kommune	Lag utanfrå Stryn kommune	Lag utanfrå Stryn kommune
	Trening/kamp ½ hall, per time	Trening/kamp 1/1 hall, per time	Trening ½ hall, per time	Trening 1/1 hall, per time	Kampar 1/1 hall, per kamp
<b>Under 16 år</b>	220	440	440	650	820

Over 16 år	320	650	540	760	920
------------	-----	-----	-----	-----	-----

<b>Sogn og Fjordane fylkeskommune (Vestland) / Stryn vgs</b>	Avtalefesta, indeksregulert avtale gjeldande frå 01.08.2018: kr 815 000,-. Justerast annakvart år.
<b>Tonning skule</b>	Leige av sal til undervisning: kr 294 490,-
<b>Tilfeldig leige av hallen og uteområdet</b> (messer, salsbod, uteområdet i samband med arrangement, danssegalla m.m.)	Alle arrangement med bruttobilletttinntekt/inntekt over kr 3000,- betalar 15% av bruttoinntekt som leige. Under kr 3000,- er leigepris kr 950,- per time.
<b>Reklame</b>	Avtale gjeld frå 01.01.19-31.12.21: kr 25 000,- med årleg justering. Avtalen skal reforhandlast i 2021.
<b>Drift av kiosk</b>	Avtale gjeld frå 01.08.18-30.06.21: kr 46 035,- med årleg justering. Avtalen skal reforhandlast i 2021.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Leigeprisar i Strynhallen for 2021 vert vedtekne etter modell i saksframstillinga. Prisane vert gjeldande frå 01.01.21.

**Skule- og kulturutval 12.11.2020:**

**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

**SK- 059/20 Vedtak:**

Leigeprisar i Strynhallen for 2021 vert vedtekne etter modell i saksframstillinga. Prisane vert gjeldande frå 01.01.21.

**Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 16.11.2020:**

**Handsaming:**

**REF- 028/20 Vedtak:**

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne slutter seg til skule- og kulturutvalet si tilråding.

## **Ungdomsrådet 17.11.2020:**

### **Handsaming:**

#### **UR- 023/20 Vedtak:**

Ungdomsrådet reagerar på at det kostar 950,- timen for leige av hallen for dei som ikkje er lag i kommunen. Dette meiner ungdomsrådet er for dyrt, særleg i ei tid der ein oppfordrar til meir fysisk aktivitet. Rådet meiner at prisane bør vere dei same som det lag i Stryn kommune betalar, og at ein evt kan betale meir dersom ein nyttar seg av utstyr som er i Strynehallen.

Ungdomsrådet påpeikar at kvaliteten på gardrobane i Strynehallen er svært dårleg. Stine Solberg følgjer denne saka vidare i elevrådet på Stryn vgs.

## **Formannskapet 19.11.2020:**

### **Handsaming:**

Saka vart teken opp til drøfting.

#### **FO- 181/20 Vedtak:**

Formannskapet gjer vedtak i saka på møtet 30.november 2020.

## **Formannskapet 30.11.2020:**

### **Handsaming:**

Kommunedirektøren si framlegg samrøystes vedteke.

#### **FO- 221/20 Vedtak:**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:** Leigeprisar i Strynhallen for 2021 vert vedtekne etter modell i saksframstillinga. Prisane vert gjeldande frå 01.01.21.

## **Kommunestyret 17.12.2020:**

### **Handsaming:**

Formannskapet sitt framlegg samrøystes vedteke.

#### **KS- 158/20 Vedtak:**

Leigeprisar i Strynhallen for 2021 vert vedtekne etter modell i saksframstillinga. Prisane vert gjeldande frå 01.01.21.